



VOSS KOMMUNE
Kommunalavdeling for kultur og fritid

Kulturdepartementet

11 JUN 2012

11 / 763 - 103

Det Kongelege Kulturdepartement
Postboks 8030 DEP

0030 OSLO

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
12/13 - 10826/12	KUF	IDY	000		05.06.2012

HØYRING- ENDRINGAR I LOV OM FOLKEBIBLIOTEK
HØYRINGSFRIST 8. JUNI 2012


Kulturdepartementet har sendt forslag til endring i Lov om folkebibliotek på høyring, med høyringsfrist 8. juni.


Voss kommune, kommunalavdeling kultur- og fritid sluttar seg til departementet sitt framlegg til endring i Lov om folkebibliotek. Endring i føremålsparagrafen er i tråd med praksis i biblioteka, og understrekar kommunane sitt ansvar for å leggja til rette for biblioteket som møteplass og arena for litteratur og kulturformidling. Denne verksemda har ikkje vorte prioritert i ein vanskeleg kommuneøkonomi. Ei endring i lovteksten er eit steg på vegen, men ikkje nok til at folkebiblioteka kan utvikla aktiv formidling, og verta ein betre arena for samtale og debatt. Det er ynskjeleg at det i tillegg til lovendringa vert oppretta ei statleg tilskotsordning til formidlingstiltak i bibliotek.

Når det gjeld kompetanse kravet i biblioteklova sluttar me oss til alternativ 1 om at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef. Bibliotekfagleg kompetanse er grunnleggjande for å sikra gode bibliotektenester og god bibliotekutvikling. Lovteksten seier at departementet skal gje nærare forskrifter om kvalifikasjonskrav. Det må stillast krav om utdanning med relevante fag i høve til bibliotekarbeid, kulturformidling og leing. Høve til å gje dispensasjon for kommunar utan søkjarar med fagutdanning heng saman kva krav som vert sett til utdanning.

Dersom desse vert utvida noko i høve til det dei er i dag, vert det mindre trong for dispensasjonsordningar. Det er likevel vanskeleg å sjå føre seg ei ordning heilt utan slikt høve.

Med helsing


Gunnhild Utkvitne
kommunalsjef kultur og fritid


Inger Dyrnesli
biblioteksjef